



Idrettslaget har gjort eit særst godt arbeid med visjonen frå grus til gull

Det held Multiconsult fram i rapporten om arealstrategien i Uskedalen. Tiltaka i og rundt gusbana vil vere viktige for å få meir aktivitet i bygda. Multiconsult foreslår imidlertid å spreia tiltaka meir utover i sentrumsområdet for å aktivisera større delar og få til rundløyper.

Arkitektane karakteriserer generelt Uskedalen som ei aktiv og oppfinnsom bygd med eit mangfald av tilbod.

Trafikk og parkering er også eit sentralt tema og Multiconsult meiner parkeringa kan truleg verta betre ved å merka plassar slik at ein får meir effektiv bruk av dei. Det kan vere rom for fleire ved barnehagen og i hamna.

Framlegget om fortau frå blomebutikken til brua er viktig for å betre tilgjenge og fremje meir aktivitet i sentrum. Tiltaket bør sjåast i samanheng med vidare gang- og sykkelveg sørvestover samt opprusting av torget.

Konsulentane slår fast at Uskedalen er ei jordbruksbygd og at dei sentrumsnære jordbruksareala er viktige for bygda sin identitet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen